



Aurland kommune

- det naturlege valet

Eigarskapsmelding

- om Aurland kommune sitt eigarskap og forvaltinga av dette



Vedteken av Aurland kommunestyre
06.04.2017

Innhold

1. Samandrag.....	2
2. Om eigarskap.....	2
2.1. Motiv for eigarskap.....	2
2.2. Ulik organisering	3
3. Prinsipp for eigarskap.....	7
3.1. Kommunen sine ulike roller	7
3.2. Overordna styringsprinsipp.....	7
3.3. Aurland kommune sin rett og si plikt til å utøve eigarkontroll	9
3.4. Operasjonalisering av styringsprinsipp	10
4. Aurland kommune sitt eigarskap	11
4.1. Oversikt over verksemder	11
4.2. Fjell- og Fjordferie AS, Sogn og Fjordane Forlag, Sogn og Fjordane utbyggingsselskap	12
4.3. Hauglandsenteret AS og Studentbyen på Sogn	12
4.4. Biblioteksentralen SA og LL Det norske teater	13
4.5. Aurland Energiverk As.....	14
4.6. Aurland Ressursutvikling AS	15
4.7. Kommunekraft AS	17
4.8. Luna Mineral AS.....	18
4.9. Sogneprodukt AS	20
4.10. SognLab AS	21
4.11. Visit Sognefjord AS.....	22
4.12. Eigenkapitalinnskot KLP	23
4.13. Alarmsentralen i Sogn og Fjordane IKS	24
4.14. SIMAS IKS.....	25
4.15. Aurland Hamnevesen KF.....	27
4.16. Sogn regionråd	28
4.17. Aurland kjøle- og fruktlager SA	29
4.18. Aurland Setjefisk SA	30
5. Vidareutvikling av Aurland kommune som eigar	31
6. Litteratur.....	32

1. Samandrag

Denne utgreiinga skal bidra til at selskap og føretak kjenner eigar sine føremål og at den legg grunnlag for eit aktivt eigarskap. Utgreiinga skal gje kunnskap og oversikt til kommunestyret og administrasjonen for at desse skal kunne utøve aktiv styring og kontroll slik at vedtekne mål blir nådd.

Eigarskapsmeldinga omtaler ulike eigarskapsstrategiar, ulike verksemdsformer, overordna styringsprinsipp, tilrådingar om eigarstyring, selskapsleiing, kontroll og krav til profesjonelle styrer. Meldinga inneheld også ein gjennomgang av dei selskapa der kommunen har eigarskap.

2. Om eigarskap

2.1. Motiv for eigarskap

Eigarskap kan kategoriserast etter kva formål som er definert for selskapa. Dei viktigaste er:

- Finansielt motiverte
- Politisk motiverte
- Effektivisering av tenesteproduksjon
- Samfunnsøkonomisk motiverte
- Regionalpolitisk posisjonering

2.1.1. *Finansielt eigarskap*

Dersom hovudformålet med eigarskapen er å oppnå økonomiske resultat, kan eigarskapet definerast som finansielt. Eit finansielt formål betyr ikkje at eigar har ein kortsiktig horisont på sitt eigarskap eller at eigar i utgangspunktet ynskjer å selje aksjane i selskapet. Finansielt formål er naturleg for selskap med ei forretningsmessig orientering der bedriftsøkonomiske lønsemdskriterium ligg til grunn for verksemda sitt arbeid. Avkastningsmåla for den einskilde verksemd bør fastsetjast ut frå selskapsspesifikke forhold.

Eit finansielt eigarskap kan vidare delast i to underkategoriar. Sjølv om formålet er å oppnå høgst mogeleg avkastning, kan to ulike strategiar leggjast til grunn. Anten kan eigar ha ein *utvikling- og vekststrategi* for selskapet. I så fall kan eigar vere innstilt på å halde tilbake overskot i selskapet for på sikt å oppnå ein samla sett betre økonomisk avkastning. Det kan og vere tale om å skyta inn kapital i verksemda som ledd i ein utvikling- og vekststrategi, men dette vil i så fall auka risikoen i eigarskapet.

Ein annan finansiell strategi kan vere ein *haustingsstrategi*. Dersom selskapet er ferdig med vekstfasen og kapitalbehovet frametter er mindre, vil det vere naturleg at eigar tar ut ein større del av dei årlige overskota som utbytte.

2.1.2. *Politisk eigarskap*

Dersom formålet med eigarskapen er å ivareta eller utføre kommunale kjerneoppgåver under politisk ansvar, vert eigarskapen definert som politisk. Eksempel kan vera renovasjon og kantinedrift skilt ut som egne verksemder eller sysselsetting av personer som ikkje kan delta i arbeidslivet på ordinære vilkår.

2.1.3. *Effektivisering av tenesteproduksjon*

Motivet for verksemdsdanning er meir effektiv tenesteproduksjon, anten gjennom egne selskap eller ulike fellesløysingar.

2.1.4. Samfunnsøkonomisk motivert

Dette er eigarskap som er motivert og grunngjeve eit kommunalt ynskje om meir samfunnsøkonomisk gunstige resultat og få gjennomført oppgåvene på ein betre måte.

2.1.5. Regionalpolitisk posisjonering

Motivet er at verksemdsdanninga skal styrke høve for vekst og framgang i regionen, ofte i konkurranse med andre regioner.

2.2. Ulik organisering

2.2.1. Kommunale føretak

Etablering av kommunale føretak (KF) føl av kommunelova kapitel 11 som gjer regler om kommunale og fylkeskommunale føretak. Slike selskap er ein del av kommunen si verksemd, både juridisk og økonomisk. Det er ikkje noko rettsleg skilje mellom føretaket og kommunen. Leiinga i føretaket er gitt større forretningsmessig handlefridom enn det som gjeld for annan kommunal organisering. Fordi kommunen er ansvarleg for føretaket sine økonomiske forpliktingar, og føretaket er ein del av kommunen sin organisasjon, kan ikkje føretaket gå konkurs. Føretaket binder kommunen med sine disposisjonar ved at det er kommunen som er part i føretaket sine forpliktingar og heftar økonomisk og juridisk for eventuelle forpliktingar føretaket tar på seg.

Som ein del av kommunen, er føretaket underlagt kommunestyret sitt budsjettmynde. Dette tyder at dei kommunale budsjetta set rammer for føretaket si verksemd, og styret er bunden av kommunebudsjettet.

Reglane om kommunalt føretak tar særleg sikte på å gje eit alternativ for meir sjølvstendig organisering av kommunale oppgåver. Organisasjonsforma vert som regel nytta når både forretningsmessige og samfunnsmessige omsyn skal ivaretakast. Organisasjonsforma er meint å innebere ein balanse mellom kommunal styring og kontroll på den eine sida og fridom for føretaksleiinga på den andre.

Det kommunale føretaket er ein del av kommunen og er som soleis underlagt kommunestyret. I formålssegnene i vedtektene fastset kommunestyret verksemda føretaket skal drive. Kommunestyret fastsetter dermed den ytre ramma for styret si mynde. Kommunestyret kan gjennom vedtektene eller i andre vedtak gje bindande pålegg for føretaket. Rådmannen har i utgangspunktet ikkje instruksjonsmynde eller omgjøringsmynde overfor verksemda sitt styre eller leiing, berre oppsettande verknad, dvs. utsatt verknad til spørsmålet er lagt fram for eigar.

Føretaket vert leia av eit styre og ein daglig leiar. Dette er obligatoriske organ. Styret har rolle og ansvar på lik linje med styrer i interkommunale selskap og aksjeselskap.

Styret har eit overordna ansvar for organiseringa av føretaket si verksemd. Leiaransvaret gjelder ikkje berre den forretningsmessige sida av verksemda, men generelt forvaltninga av dei verdiane og oppgåvene kommunen har lagt til føretaket. Det er styret og dagleg leiar som opptre utad.

Styret må bestå av minst tre medlemmer. Etter kommuneloven § 69 kan styret si sjølvstendige mynde avgrensast gjennom vedtektsføresegner som fastset at nærare angjevne saker må vere godkjent av kommunestyret for å vere bindande for kommunen.

Kommunen sitt høve for styring og kontroll er fleire og meir omfattande i kommunale føretak enn i sjølvstendige selskap. Dagleg leiar i dei kommunale føretaka vert tilsett av kommunestyret. Dagleg leiar står i eit direkte underordnings- og ansvarsforhold overfor styret som igjen er underlagt kommunestyret.

Regelverket for offentlege innkjøp gjeld alltid når eit kommunalt føretak kjøper varer eller tenester frå andre enn kommunen sjølv. I ein konkurransesituasjon er KF underlagt EU sine

reglar om offentlege stønad/tilskot og dermed utsatt for avklaring om moglege konkurransevriding.

Kommunale føretak er ein del av kommunen og betaler ikkje skatt, men føl i utgangspunktet reglane for momskompensasjon.

2.2.2. Interkommunale selskap IKS

Lov av 29. januar 1999 nr. 6 regulerer rettsområdet for interkommunale selskap (IKS). Eit interkommunalt selskap skil seg både frå kommunale føretak og interkommunalt samarbeid etter kommunelovens § 27. IKS er eit eige rettssubjekt, som rettsleg og økonomisk er skilt frå deltakarkommunane. Dei har si eiga formue og egne inntekter, og svarar sjølv for sine forpliktingar. Det er selskapet sjølv som inngår og er part i avtalar og har partsstilling i rettssaker og overfor forvaltninga.

Et særtrekk ved interkommunale selskap er at kvar av deltakarane har eit uavgrensa ansvar for ein prosent- eller en brøkdell av selskapet si samla forplikting. Dette skil interkommunale selskap frå aksjeselskap, der deltakaransvaret er avgrensa. Samla skal deltakarane sine ansvarsdelar utgjere selskapet si samla forplikting.

Øvste mynde for verksemda er representantskapet. Representantskapet er eigarane sitt organ, og eigarmynde for deltakarkommunane vert utøvd av representantskapet. Dette inneber at den einskilde deltakarkommunen ikkje kan utøve eigarmynde direkte overfor selskapet sitt styre eller administrasjon. Kvar deltakarkommune skal ha minst eitt medlem i representantskapet.

Deltakarkommunane kan gjennom representantskapet treffe vedtak som binder styret, og det kan gjere om vedtak som styret har fatta.

Gjennom ei rekke føresegn legg lova om interkommunale selskap særlege oppgåver til representantskapet. Dette gjelder fastsetting av rekneskap, budsjett, økonomiplan og val av revisor, samt vedtak om sal eller pantsetting av fast eigedom, andre større kapitalinvesteringar, eller vedtak om å foreta investeringar av vesentlig tyding for verksemda eller ein eller fleire av deltakarane. I selskapsavtalen kan det dessutan fastsetjast at visse saker som elles høyrer inn under styret si forvaltningsmynde, må godkjennast av representantskapet. Samla sett gjer desse føresegna deltakarkommunane større innverknad på styringa av selskapet enn det aksjelova gjer deltakarane i eit aksjeselskap.

Denne meirinnverknaden har først og fremst samanheng med selskapsdeltakarane sitt uavgrensa ansvar for selskapet sine forpliktingar. Når deltakarane tar på seg eit større ansvar, er det også naturleg at høve for styring vert utvida.

Eit kvart interkommunalt selskap skal ha eit styre og ein daglig leiar som står ansvarleg for forvaltninga av selskapet. Daglig leiar vert tilsett av styret med mindre det er vedtektsfesta at dagleg leiar skal tilsettast av representantskapet. I forvaltninga av selskapet er styret underlagt representantskapet, og styret må følge vedtak og dei retningslinjer som representantskapet fastset.

Styret sitt forvaltningsmynde må utøvast innanfor ramma av selskapet sitt formål, selskapsavtalen og selskapet sitt årsbudsjett. Kvart kjønn må vere representert med minst 40 % av styremedlemene som vert valt.

Eit IKS er underlagt reglane om offentleg innkjøp. Når kommunen kjøper tenester frå verksemdar kommunen eiger sjølv, er det to unntak frå regelverket om offentlege innkjøp som kan bli aktuelle. Dette er innkjøp i eigen regi, det vil sei der kommunen har direkte kontroll med selskapet gjennom sitt eigarskap og selskapet i hovudsak leverer varer eller tenester til eigar. Elles er det i samband med tildeling av kontrakt utan anbod med heimel i ein einerett.

Reglane om offentleg stønad vil i nokre tilfelle medføre at det ikkje er så klokt å organisere ei teneste som eit IKS. Dette fordi IKS vert eigd av kommunar som samla heftar uavgrensa for selskapet sine forpliktingar. Om kommunen gjer stønad til ei verksemd som vert drive av eit

selskap som kommunen sjølv eig, og dette betrar konkurranseevna til selskapet, kan dette medføre ei konkurransevriding i marknaden som er i strid med regelverket for offentleg stønad.

Interkommunale selskap, der deltakarane hefter uavgrensa tilsvarande prosentandelar av selskapet si forplikting, skal selskapsliknast som eit eige skattesubjekt på lik linje med aksjeselskap.

Interkommunale selskap skal, på lik linje med andre selskap, ikkje betale inntektsskatt til kommune og fylkeskommune eller formuesskatt, jf. skatteloven § 2-36, nr 1 og 2. Av eit eventuelt overskot skal det betalast inntektsskatt til staten etter ein skattesats på 28 %.

Eit IKS vil kunne registrerast i meirverdiavgiftsregisteret i dei tilfelle der verksemda er meirverdiavgiftspliktig. Dette inneber rett til å krevje frådrag for inngåande mva. Eit IKS kan også omfattast av reglane for meirverdikompensasjon som for kommunane. Det er då verksemda som har rett på kompensasjonen og ikkje kommunen.

2.2.3. Interkommunalt samarbeid

Kommuneloven § 27 har reglar om samarbeidsavtaler mellom kommunar og/eller fylkeskommunar når samarbeidet er organisert med eige styre. Kommuneloven § 27 gjeld berre for samarbeid som ikkje er organisert som eige rettssubjekt.

Ynskjer samarbeidspartane å etablere samarbeidet som eit eige rettssubjekt, må dei organisere samarbeidet som eit interkommunalt selskap etter Lov om interkommunale selskap. Styret for eit interkommunalt samarbeid må tildelast eit viss sjølvstendig mynde, men det må avgrensast til avgjersler som vedkjem verksemda sine avgjerder som vedkjem verksemda si drift og organisering. Dette inneber at styret sitt mynde er avgrensa samanlikna med kva som gjeld for styrer i interkommunale selskap.

Styret si rolle og tilhøve til samarbeidskommunane må utformast i vedtektene. Innkjøpsregelverket gjelder alltid når kommunen kjøper varer eller tenester frå andre enn kommunen sjølv. Om samarbeidet er organisert som eit eige rettssubjekt, føl reglane om offentleg innkjøp om selskapet ynsker å kjøpe frå andre enn deltakarkommunane. Er samarbeidet eit eige rettssubjekt, kan reglane om offentleg stønad kome til bruk.

Eit selskap som ikkje er eit sjølvstendig rettssubjekt, er ein del av kommunen, og betalar ikkje skatt. Om det er organisert som eit sjølvstendig rettssubjekt, vil verksemdsforma avgjere i kva grad skatt skal betalast.

Eit § 27 selskap som er eit eige rettssubjekt, vil kunne registrerast i meirverdiregisteret om verksemda er meirverdiavgiftspliktig. Dette inneber og rett til å krevje frådrag for inngåande mva. Eit § 27 selskap IKS kan og vera omfatta av reglane for meirverdikompensasjon samsvarande som for kommunane. Det er då verksemda som har rett på kompensasjonen og ikkje kommunen.

2.2.4. Aksjeselskap

Eit aksjeselskap er eit eige rettssubjekt og vert formelt sett ikkje regna som en del av kommunen, korkje organisatorisk, økonomisk eller kompetansemessig. Når verksemda opererer i ein konkurranseutsett marknad, kan organisering gjennom eit aksjeselskap med ei marknadsorientert leiing gje auka konkurransekraft og tilpassingsdugleik. Selskapsforma opnar for at kommunen kan vere eigar saman med andre kommunar eller private aktørar. Eit AS vert hovudsakleg etablert for tenester som vert gjennomført i ein konkurranseutsett marknad. Selskapsforma er lite eigna til å organisere lovpålagde tenester eller tenester med stort trong for politisk styring gjennom demokratiske prosesser.

Føresegnene om aksjeselskap er regulert i aksjeloven av 13. juni 1977 nr. 44. Det viktigaste særtrekk ved verksemdsforma er at deltakarane (eigarane) ikkje er ansvarleg for selskapet sine forpliktingar ut over innskoten kapital. Eit aksjeselskap som ikkje er i stand til å oppfylle sine forpliktingar, kan bli tatt under konkursbehandling. Eit motstykke til det avgrensa ansvaret

er at eigarane av selskapet ikkje rår fritt over selskapet sine inntekter og formue. Selskapet sine midlar vert disponert av selskapet sitt styre og dagleg leiar. Ynskjer kommunen som eigar å ta ut midlar, må dette skje etter aksjelova sine reglar om utbytte eller fondsemisjon. Utdeling av utbytte til eigarane kan berre gjerast etter framlegg frå styret og må vedtakast av generalforsamlinga.

Eit aksjeselskap er eit eige rettssubjekt og kan ha ein eller fleire deltakarar. Lovgivinga setter ingen grensar for kven som kan vere deltakarar (aksjeeigarar) i eit aksjeselskap. Aksjekapitalen i et aksjeselskap må vere på minimum kr 30.000,-. Aksjeselskapet sitt øvste organ er generalforsamlinga. Generalforsamlinga er eigarane sitt organ i selskapet og er ansvarlig for at verksemda har eit styre, tilstrekkeleg kapital og akseptable rammer for drift.

Styret har det overordna ansvar for forvaltninga av selskapet. Som hovudregel er det styret som tilset dagleg leiar og er leiaren sin overordna. Dagleg leiar skal styre selskapet etter dei planar, retningslinjer og prinsipp styret har vedteke. Eigarmyndet i denne typen selskap er formalisert slik at myndet må utøvast gjennom generalforsamlinga. Dette tyder at kommunen som aksjeeigar ikkje skal intervensere utan at dette skjer i form av ei avgjerd frå generalforsamlinga. I generalforsamlinga kan eigarane gjennom vedtak i generalforsamlinga fastsette rammer og gje nærare regler for styret og daglig leder av selskapet. Det er generalforsamlinga som vel styret.

I generalforsamlinga vert kommunen representert ved ein fullmektig. I Aurland kommune er generalforsamlingsfullmakta delegert til ordføraren.

Aksjonæravtalar vert ofte nytta for å detaljregulere forholdet mellom aksjonærane. Aksjonæravtalen kan regulere ulike eigarspørsmål som stemmerett, fordeling av styreplasser, innsynsrett, innskotsplikt og forkjøpsrett.

En aksjonær har ulike rettar i eit selskap etter kor stor del av selskapet vedkomande eig. For kommunen er det derfor viktig at eigarandelen er tilpassa kommunen sitt formål med eigarskapet. Dersom kommunen har strategiske målsettingar for sitt eigarskap, bør kommunen ha kontroll med selskapet ved å eige 50 % eller meir av aksjane i selskapet som gjev stemmerett.

Dersom kommunen ønsker maksimal fridom over selskapet, bør kommunen eige selskapet fullt ut. Dersom eigarskapet er av meir finansiell karakter, har ikkje storleiken på kommunen sitt eigarskap så stor tyding.

I kva grad eigar vil kunne innverke og ha kontroll med selskapet si utvikling, vil vera tett

samanfallande med kva for medlem som representerer eigarane i styret. Direkte eigarstyring kan gjerast gjennom å utforme vedtektene og eventuelt aksjonæravtalar på ein måte som gjev tilstrekkelig god politisk styring av kommunale kjerneoppgåver. Styremedlemmene skal i første rekke ivareta selskapet sine – og ikkje kommunen sine interesser.

Selskap som direkte eller indirekte er kontrollert av offentlege myndigheiter gjennom finansiering, styresamansetting eller liknande, er underlagt lov om offentlege innkjøp og reglane om statsstøtte.

Drift gjennom aksjeselskap er normalt skattepliktig. Overskot frå selskapet si drift vil vere skattepliktig med 28 %. Unntaket er om aksjeselskapet driv med ideell verksemd. I samsvar med kommunelova er kommunar underlagt forbod mot å gje garantiar for andre si gjeld. 100 % kommunalt eigde aksjeselskap vert rekna som andre.

Eit aksjeselskap vil kunne registrerast i meirverdiregisteret, og dermed få rett til å krevje frådrag for inngåande meirverdiavgift.

2.2.5. Samvirkeføretak

Føretaket er eit sjølvstendig subjekt og ikkje del av kommunen. Samvirkeføretak driv ofte heilt vanleg forretningsverksemd, men er ei demokratisk organisasjonsform som bygger på prinsipp

om aktiv brukardeltaking og frivillig og opent medlemskap. Samvirkeføretak har som hovudformål å fremme medlemmene sine økonomiske interesser gjennom deira deltaking i verksemda.

Verksemda si avkastning, med unntak av forrenting av innskoten kapital blir anten ståande i verksemda eller fordelt blant medlemmene på grunnlag av deira del i omsetninga. Deltakarane har avgrensa ansvar for verksemda. Deltakarkretsen er uavgrensa som i aksjeselskap i motsetnad til IKS.

Årsmøtet er føretaket sitt øvste organ. Verksemda kan og organiserast med eit representantskap der mange vedtaksprosessar kan plasserast.

Styret opererer vanlegvis som eit ordinært selskapsstyre. Styret rapporterer til årsmøtet eller representantskapet. Føretaket betaler vanlegvis ordinær selskapsskatt og følgjer reglene i MVA lovgivinga og vil kunne registrerast i meirverdiregisteret i om verksemda er meirverdiavgiftspliktig.

3. Prinsipp for eigarskap

Aurland kommune vil utøve sin eigarskap gjennom 4 kanalar:

- Styrerepresentasjon
- Deltaking i generalforsamling/representantskap
- Eigarmøte
- Gjennomgang av verksemd verksemdsgjennomgang

3.1. Kommunen sine ulike roller

Kommunen har ulike roller; som myndeutøvar, tenesteprodusent, samfunnsutviklar og som eigar av verksemdar. Ved vurdering av verksemdsdanning bør følgjande forhold vurderast:

- Behovet for politisk styring
- Høve til å drive demokratisk påverknad og kontroll med prosesser

3.2. Overordna styringsprinsipp

3.2.1. *Fastsetting av vedtekter og verksemdsavtalar*

Fastsetting av vedtekter og verksemdsavtalar er ved sida av utnemning av styremedlem det viktigaste styringsvirkemiddelet eigar har.

Vedtekter for aksjeselskap vert fastsett av generalforsamlinga, men kommunestyret kan før generalforsamling treffe vedtak som binder opp stemmegjevinga til sin representant i generalforsamlinga. Vedtekter for kommunale føretak vert fastsett og endra av kommunestyret. Selskapsavtaler vert fastsett av kommunestyret, men kan endrast av representantskapet.

3.2.2. *Styrerepresentasjon*

I tillegg til fastsetting av vedtekter er Aurland kommune sitt viktigaste høve for styring av eigarinteressa til kommunen gjennom styrerepresentasjon. Aurland kommune sitt ansvar i samband med styreoppnemning, er særleg å sikre profesjonalitet og relevant kompetanse i styret.

3.2.3. *Styret si rolle*

Styret skal ivareta ein uavhengig kontrollfunksjon overfor verksemda si leiing. Innanfor rammene som er gitt av eigaren, inkludert Aurland kommune, skal styret ivareta den strategiske leiinga av verksemda. I denne rolla bør styret ta føringa i diskusjonar om strategiske vegval for verksemda. Eit kompetent styre skal vere ein viktig diskusjonspartnar og støttespelar for leiinga til verksemda. Samstundes må styret kontrollere leiinga sitt arbeid ut frå gjevne målsettingar. Styret må difor ha ei uavhengig rolle i forhold til verksemda si leiing. Styret må i forlenginga av kontrollfunksjonane vurdere selskapet si leiing og endringar i denne.

3.2.4. Kompetanseutvikling og evaluering

Styret må arbeide aktivt med eigen kompetanseutvikling og evaluering av eigen verksemd. Styreleiaren har eit særansvar for å sikre at arbeidet i styret fungerer godt. Det bør leggjast opp til ein møtefrekvens som sikrar at styret kan ivareta sine funksjonar på best mogleg måte.

Styreleiaren må legge til rette for at styret si samla kompetanse vert utnytt på best mogleg måte. Det bør arbeidast målretta med å heve kompetansen blant styremedlemene. Kurs, seminar og opplæring vil vere viktig, særleg så lenge styremedlemmene er politisk valt og i mange tilfelle ikkje har tilstrekkeleg kompetanse når dei vert valt. Evaluering av styret sitt arbeid er eit hensiktsmessig verkemiddel for eigarane, ikkje berre når ein vurderer endringar i styret, men og som grunnlag for dialog om forbedringspotensial. Slike evalueringar bør omfatte både styret som heilskap og kvart einskilt medlem. Vidare bør samarbeidet mellom styret og den administrative leiinga evaluerast. I verksemdar med fleire eigarar kan ein valkomité vere eit hensiktsmessig organ for evaluering.

3.2.5. Styresamansetning

Styresamansetninga skal kjenneteiknast av kompetanse, kapasitet og mangfald. God styrerekuttering bør vere ei viktig oppgåve for kommunen som eigar. Styret si samansetning må avstemmast i forhold til verksemda sin strategiske og forretningsmessige karakter. Styret må vere ein ressursbase som tilfører innsikt og kunnskap på dei områda som er viktige for verksemda si utvikling, vekst og lønsemd. God økonomisk forståing er uansett ein føresetnad. Styret bør og kunne tilby selskapet juridisk kompetanse.

Svært mange styresaker vil ha ein juridisk dimensjon og denne type kompetanse bør vere representert i eit styre. Det er svært viktig at styret sine medlemmer forstår den verksemda som selskapet driver med. Dei ulike selskap har ulike bransjemessige utfordringar og særpreg.

Ved val av styremedlem er det viktig å klargjere forventningane til styret som kollegium og kva krav som bør gjelde både til kompetanse, kapasitet og mangfald. Desse forholda kan i det følgjande kort samanfatta slik:

Kompetanse- og kunnskapsomsyn

Styresamansetninga må samla gje den ynskte kompetanse og kunnskap for selskapet. Det er naudsynt med solid bransjekunnskap frå den sektoren verksemda opererer i. For kommersielle verksendar bør det freistast å velje representantar med erfaring frå næringsverksemd. God kjennskap til offentleg forvaltning og utøving av politikk er viktig i alle selskap.

Kapasitetsomsyn

Styreverv krev innsats. Omfanget av aktuelle kandidatar i andre stillingar og verv må kunna sameinast med den tidsbruk det er rimelig å pårekna at styrevervet krev.

Mangfald

Ulik erfaringsbakgrunn vil vere ein styrke i styrearbeidet. Styret si evne til å analysere eit sakskompleks frå ulike synsvinklar blir betre dersom styret er bredt samansett. Det er viktig at det vert sikra ei god kjønnsfordeling i styra. Minst 40 % av styrerepresentantane skal vere kvinner.

Honorar

Styrehonorar bør fastsetjast basert på selskapet sitt økonomiske omfang, styret si arbeidsbelastning, styrerisiko og styremedlemene sitt kompetansemessige bidrag til selskapa. Honoraret i aksjeselskapa skal fastsetjast av generalforsamlinga etter innstilling frå styret. For dei kommunale føretaka skal godtgjeringa følge honorarreglementet.

3.3. Aurland kommune sin rett og si plikt til å utøve eigarkontroll

3.3.1. Kontrollutvalet (kommunelova § 77.5)

Kontrollutvalet har ansvar for selskapskontroll i interkommunale selskap og kommunalt eigde aksjeselskap. Dette inneber at kontrollutvalet har rett til å innhente opplysningar frå selskapsorgana og vere til stade på generalforsamlinga.

Den fortløpande rapporteringa gjennom året skjer gjennom styrene i aksjeselskapa og gjennom behandling av årsmelding og budsjett i den årlege generalforsamlinga. Ynsker eigar å ta eit større eigarskap gjennom styring og føringar for selskapa, kan det vurderast å auke graden av rapportering, som for eksempel å krevje tertialvis rapportering, på lik linje med kommunen sine einingar.

3.3.2. Forholdet til offentleglova og arkivlova

Offentleglova og arkivlova gjelder for kommunale samarbeidsordningar som er organisert etter kommuneloven §§ 27 og 28. Unntak er aksjeselskap og stiftingar.

Offentleglova og deler av arkivlova kan og gjelde for kommunale aksjeselskap. Hovudregelen er at der det offentlege har ein dominerande posisjon og der offentleg kapital vert forvalta, skal verksemda vere underlagt offentleg kontroll og allmenne innsynskrav.

3.3.3. Krav til profesjonelle styrer

Det er eigar sitt ansvar å sørge for at styret vert samansett og får dei naudsynte styringsrammene for å utøve sitt virke som eit profesjonelt organ. Eit profesjonelt styre består av personer med eigna personlege eigenskaper som utfyller kvarandre kompetansemessig.

Ved val av styre til selskap organisert etter aksjeloven og lov om interkommunale selskap, bør det vedtektsfestast bruk av valnemnd, der formålet er å sikre ei samansetting av styre med komplementær kompetanse og i tråd med eigar sitt formål med selskapet.

I Aurland kommune ligg denne oppgåva til formannskapet for verksemder der kommunen er einaste eigar.

I selskap med fleire eigarar bør valkomiteen si samansetting spegle eigarandelen. Fleirtalet av valnemnda bør vær uavhengige av styret og tilsette. Valkomiteen si innstilling bør grunnjevast. Valperioden kan vedtektsfestes men kan og vere fleksibel i forhold til eigar sitt behov for kompetanse i styret.

I eigar sitt ansvar for naudsynt kompetanse i styret for å nå selskapet sine mål, ligg det og at eigar står fritt i å skifte ut styremedlem innanfor valperioden. Styret har også eit sjølvstendig ansvar for jamleg å vurdere eigen kompetanse i forhold til eigar sitt formål med selskapet.

For å sikre naudsynt kompetanse i styret bør styra:

- Fastsetja instruks for styret og daglig leiing med særlig vekt på klar intern ansvars- og oppgåvefordeling
- Gjennomføra eigenevaluering kvart år
- Jamleg opna for ekstern styreopplæring
- Gjennomføra styreseminar med fokus på roller, ansvar og oppgåver

- Vedta ein årleg plan for sitt arbeid med vekt på mål, strategiar og gjennomføring
- Gje ei samla utgreiing for selskapet si styring og leiing i ein årsrapport.

3.3.4. Habilitetsvurdering og politisk representasjon i styrene

Det er opp til kvart einskild eigarorgan å avgjera kva type kompetanse eit styre skal ha. For å unngå situasjonar der styret sine medlemmer jamleg vert vurdert i forhold til reglane i forvaltningslova om habilitet, bør ein kritisk vurdere bruk av leiande politikarar i selskapsstyra. Styra bør etablere faste rutinar for å handtere moglege habilitetskonfliktar, og formannskap eller valnemnd må vera medviten på problemstillinga. Som ein hovudregel bør ikkje kommunestyremedlem sitje i styra i kommunale føretak på grunn av den direkte rapporteringslinja mellom styret og øvste politiske nivå.

Alle tilsette og folkevalde i Aurland kommune som tar på seg styreverv for kommunale selskap eller i selskap der Aurland kommune har eigarinteresser, bør registrere verva i styrevervregisteret.no.

3.3.5. Felles arbeidsgjevarepolitikk.

Arbeidsoppgåver i kommunale føretak er nært knytt til arbeid som kommunen er involvert i. Det kan difor vere naturleg å ha ein felles arbeidsgjevarepolitikk. Det vil for eksempel gjelde leiarløn, lønsnivå elles, seniortiltak, personalreglement osv.

3.3.6. Utarbeiding av etiske retningslinjer

Styra i kommunale selskap der Aurland kommune har eigarandelar bør utarbeide og jamleg revidere etiske retningslinjer for verksemda. Styra bør gjere seg kjent med dei etiske normene og verdiane som Aurland kommune legg til grunn for både eigarskap og for generell sakshandsaming og personalpolitikk.

3.3.7. Rådmannen si rolle i kommunale føretak

Rådmannen si rolle som budsjettansvarleg for kommunen si samla økonomiske verksemd, inkludert føretaka, kombinert med manglande instruksjonsmynde overfor dagleg leiar sine disposisjonar, bør vere gjenstand for diskusjon ved oppretting av føretak. Rådmannen eller andre i leiande administrative posisjonar kan ikkje sitte i føretaksstyra.

3.4. Operasjonalisering av styringsprinsipp

Aurland kommune sine prinsipp for eigarstyring er:

1. Aurland kommune skal vera ein ansvarleg og føreseieleg eigar.
2. Det skal vera openheit knytt til Aurland kommune sitt eigarskap og selskapa si verksemd, basert på prinsippet om meiroffentlegheit handsama av selskapet sjølv.
3. Aurland kommune føreset at selskapa vert drive økonomisk, sosialt og miljømessig forsvarleg.
4. Aurland kommune vil sikre at selskapsform, vedtekter og selskapsavtale er tilpassa verksemda sitt formål, trong for eigarstyring, marknadsmessige forhold og konkurranseregulering. Dersom føresetnadene for drift endrast vesentleg, skal styreleiar straks varsle eigar ved ordførar.
5. Som ein del av folkevaldopplæringa skal ein gjennomføre obligatoriske eigarskapseminar.
6. For å opna for dialog mellom selskapa si leiing og politisk leiing skal det innførast ein årleg «Eigarskapsdag», der ordførar inviterer selskap som Aurland kommune har særlege eigarinteresser i. Desse får høve til å orientere kommunestyret nærare om drift og utfordringar.

7. Verksemda skal årleg senda årsmelding og rekneskap samt dagsorden, til kommunen i forkant av verksemda sitt årsmøte eller verksemda si generalforsamling
8. Tidleg i kvar valperiode skal eigarskapsmeldinga til Aurland kommune rullerast og handsamast av kommunestyret.
9. Formannskapet fungerer som valnemnd for val av representantar i styre, representantskap eller bedriftsforsamling i verksemdene der Aurland kommune skal nemne opp slike.
10. I selskap der Aurland kommune har eigarskap, skal det søkjast å sikre kompetente og handlekraftige styrer, som opprettheld ein kjønnsrepresentasjon på minst 40 % av kvart kjønn.
11. I valperioden skal det gjennomførast felles seminar om kommunalt eigarskap for kommunen sine oppnemnde styrerepresentantar.
12. For å unngå habilitetsproblematikk bør ikkje medlemmer av kommunestyret, rådmann eller administrative leiarar veljast inn i selskapsstyrer.
13. Godtgjersle til styrene bør ligge på eit moderat nivå.
14. Aurland kommune forventar at selskapsstyrene utarbeidar og jamleg reviderer dei etiske retningslinene for verksemda.

4. Aurland kommune sitt eigarskap

4.1. Oversikt over verksemder

Aurland kommune har fylgjande eigarskap i fylgjande selskap:

NAMN	EIGARANDEL	TYPE EIGARSKAP
Fjell- og Fjordferie AS	Inga aktivitet sidan før 2003	
Sogn og Fjordane Forlag	Inga aktivitet sidan før 2003	
Sogn og Fjordane utbyggingsselskap	Inga aktivitet sidan før 2003	
Studentbyen på Sogn	Inga aktivitet sidan før 2003	
Hauglandsenteret AS	Inga aktivitet sidan før 2003	
Aurland Energiverk AS	100,0 %	Aksjeselskap
Aurland Ressursutvikling AS	40,0 %	Aksjeselskap
LL Det Norske Teater	Bokført med kr 1,-	Aksjeselskap
Kommunekraft AS	0,3 %	Aksjeselskap
Luna Mineral AS	71,4 % , bokført med kr 1,- (negativ egenkapital)	Aksjeselskap
Sogneprodukt AS	4,5 %	Aksjeselskap
SognLab AS	10,8 %	Aksjeselskap
Visit Sognefjord AS	8,4 %	Aksjeselskap

NAMN	EIGARANDEL	TYPE EIGARSKAP
Eigenkapitalinnskott KLP	0,0 %	Gjensidig forsikringselskap
Alarmsentralen i Sogn og Fjordane IKS	1,6 %	Interkommunalt selskap
SIMAS IKS	5,4 %	Interkommunalt selskap
Aurland Hamnevesen KF	100,0 %	Kommunalt føretak
Sogn regionråd	Ingen	Organisasjonsledd, Sogndal kommune
Aurland kjøle- og fruktlager SA	8,5 %	Samvirkeføretak
Aurland Setjefisk SA	15,1 %	Samvirkeføretak
Biblioteksentralen SA	Bokført med kr 1,-	Samvirkeføretak

4.2. Fjell- og Fjordferie AS, Sogn og Fjordane Forlag, Sogn og Fjordane utbyggingsselskap

For at økonomisystemet skal vera ein godt verktøy for kommunens ressursforvaltning, bør ikkje gamle posteringar bli ståande. Posteringane:

22170404 FJELL OG FJORDFERIE A/S	25.000,-
22170406 SOGN OG FJORDANE UTBYGGINGSS.	10.000,-
22170504 SOGN OG FJORDANE FORLAG	2.500,-

... i rekneskapen er posteringar som har stått urørt sidan før 2003. Ein legg til grunn at desse verksemdene er lagt med slik det går fram av søk i Brønnøysundregistrene:

Orgnr.	Namn	Postnr./sted
933 196 194	SOGN OG FJORDANE FORLAG A/S	6943 NAUSTDAL
993 878 006	FJELL OG FJORD KOMPANIET AS	6887 LÆRDAL
980 924 297	FJORD OG FJELL AS	5700 VOSS
952 879 855	AS SOGN OG FJORDANE UTBYGGINGSSKAP	6800 FØRDE

4.2.1. Rådmannen si vurdering av eigarskapa

Ein legg til grunn at Fjell- og Fjordferie AS, Sogn og Fjordane Forlag og Sogn og Fjordane utbyggingsselskap er lagt ned. Verksemdene vert difor sletta frå Aurland kommune si eigarskapsmelding og verdiane blir tapsført i balanserekneskapen.

4.3. Hauglandsenteret AS og Studentbyen på Sogn

I balanserekneskapen for 2014 for Aurland kommune er det ført kr 5.000,- som aksje/del i Hauglandssenteret:

22170302 HAUGLANDSSENTERET A/S	5.000,-
--------------------------------	---------

Pålydande på aksjane er kr 1,- Om det då var aksjar, skulle dette utgjere 0,2 % og ville vore naturleg å opplysa om i Note 4 til rekneskapen til senteret.

Av verksemda sitt årsrekneskap går det fram at Hauglandssenteret, er heileigd av Sogn og Fjordane Raude Kross Eigedom AS som eig alle aksjar i verksemda. Av årsmelding rekneskap for hauglandssenteret 2015 går det fram at Sogn og Fjordane Røde Kors eig 97,7 % av A- og 2,3 av B-aksjane.

<https://www.rkhr.no/wp-content/uploads/2016/05/RKHR-%C3%85smelding-2015.pdf>

Det har vore vanskeleg å finna konkrete opplysningar knytt til eigarskapet t Studentbyen på Sogn. I rekneskapen til kommunen står verdien på posten som:

22170201 STUDENTBYEN PÅ SOGN	1,-
------------------------------	-----

Ein legg difor til grunn at verdien ikkje representerer reelle forvaltningsinteresse for kommunen. Ein har likevel ikkje funnet klare haldepunkt for at verksemda er konkurs eller om investeringa har vore ei gåve. Ein legg likevel til grunn at eit av desse er tilfellet, og at verdien i alle tilfelle bør avskrivast. Det har ikkje vore bevegelse på

4.3.1. Rådmannen si vurdering av eigarskapa

Ein legg til grunn at føringa på Hauglandssenteret har vore ei gåve som korkje gjer rettar eller avkastning. Det er då misvisande å føra dette som andeleigarskap og posten slettast og tapsførast. Likeeins legg ein opp til at eigarskapet i Studentbyen på Sogn blir sletta og tapsførast då verksemda ikkje representerer noko reell forvaltningsinteresse for Aurland kommune.

4.4. Biblioteksentralen SA og LL Det norske teater

Biblioteksentralen skal vera eit serviceorgan for alle typar offentlege bibliotek. Biblioteksentralen har til oppgåve å vera hovudleverandør av produkt og tenest til bibliotek og liknande institusjonar. I tillegg kan Sentralen skal drivast etter vanlege bedriftsøkonomiske prinsipp, med økonomisk tryggleik, rom for utvikling og ivaretaking av eigarane sine interesser. Aurland har ingen politiske føringar knytt til eigarskapet i Biblioteksentralen, eigarskapet er lite og kommunen har større interesser som brukar enn som eigar. Ein vel difor å ikkje gå djupare inn i dette eigarskapet.

Tilsvarende gjeld for LL Det norske teater som har som formål «Å syna fram skodespel på norsk mål i bygd og by.» og skriv i årsmeldinga for 2015 at teateret «tek eit særskilt ansvar for å løfte nynorsk litteratur inn på scenen». 78% av lutene til verksemda er eigd av eigarar m med mindre enn 1 % av lutene. Det er tre eigarar som har 1-2% av lutene, to som har 3-4% av lutene og ein eigar med 11% av lutene. Lutene er med andre ord spreidd på svært mange små eigarar.

4.4.1. Rådmannen si vurdering av eigarskapa

Aurland kommune sitt eigarskap i LL Det norske teater må sjåast på ein politisk kuriositet, eller som ein målpolitisk standpunkt. Begge motiva er av politisk verde, men har mindre eigarskapspolitisk interesse. Ein vel difor ikkje å gå djupare inn i analyse av selskapet.

Begge selskapa står oppført i kommunen sin rekneskap med kr 1,-,

22117501 BIBLIOTEKSENTRALEN A/L	1,-
22170501 DET NORSKE TEATER	1,-

noko som og indikerer at dei ikkje representerer reelle forvaltningsinteresser for kommunen. Eigarskapen blir sletta og tapsført då verksemdene ikkje representerer noko reell forvaltningsinteresse for Aurland kommune.

4.5. Aurland Energiverk AS

Organisasjonsnummer: 975 332 438

Økonomiske nøkkeltal:

RESULTAT	2015	2014
Driftsinntekt	34.093.622	31.024.574
Driftsresultat	3.103.360	2.495.760
Ordinært resultat før skatt	3.176.457	2.495.760
BALANSE	2015	2014
Omløpsmidlar	16.389.858	16.823.501
Anleggsmidlar	67.521.698	59.589.918
Sum eigendelar	83.911.556	76.413.419
Kortsiktig gjeld	11.140.414	9.816.250
Langsiktig gjeld	7.119.648	359.025
Eigenkapital	83.911.556	76.413.419

4.5.1. Formål

- «Syte for energiforsyning i Aurland kommune
- Byggje og drive kraftverk og overføringsanlegg og ta del i utbygging.
- Generelt kjøp og sal av energi
- Ta del i prosjekt/selskap med energirelatert verksemd eller avleia verksemd
- Ta del i anna verksemd knytt til dette.»

Aurland Energiverk AS har ansvaret for straumforsyninga innan Aurland kommune, med unnatak av området Myrdal-Hallingskeid og Uppsete-Langevassosen. Aurland Energiverk produserer, sel, kjøper og distribuerer elektrisk kraft. I tillegg har selskapet bygd ut og eig fibernett i Aurland sentrum og i Undredal.

Aurland Energiverk AS er eigar av Leinafossen kraftverk som vert leigd ut til E-CO Energi AS i ein langsiktig avtale som omfattar også drift og vedlikehald av kraftverket. Avtalen er i utgangspunktet på 40 år frå 1992 og då med gratis attendelevering til Aurland Energiverk AS. Avtalen kan avsluttast etter 25 år i 2017, då med eit økonomisk oppgjer for redusert leigetid. Verksemda meiner sjølv at avtalen med E-CO Energi AS har fungert utan vanskar.

Aurland Energiverk AS har eigarskap i følgjande verksemdar:

- Lærdal Energi AS 4,8 %
- Lærdal og Aurland Grønnkraft AS 33,3 %
- SEIS AS (Samarbeidande Energiverk i Sogn) 7,4 %
- Soggenett AS 10 %

4.5.2. Organisasjon

Verksemda er organisert som eit aksjeselskap med eit styre på fem personar:

- **Ottar Steine**, styreleiar
- **Audhild Rogdo**
- **Lillian T. Skjerdal**
- **Johannes Dalsbotten**
- **Kai Andre Ohnstad**, tilsettrepresentant

Dagleg leiar er e-verksjef **Helge Morten Vangen**

Aurland Energiverk er 100 % eigd av Aurland kommune.

4.5.3. Rådmannen si vurdering av eigarskapet

Eigarskapet i Aurland Energiverk er eit finansielt og samfunnsøkonomisk motivert eigarskap med eit langsiktig perspektiv. Samstundes kan det vere strategisk rett, i ein periode med reduserte kraftinntekter, å gå aktivt inn i selskapet i samband med opninga for heimfallsrett for Leinafossen kraftverk i 2017, for å vurdere om det er mogleg å forbetra avkastinga av eigarskapet på kort eller lengre sikt, eller avhenda eigarposten.

Stortinget har vedteke selskapsmessig og funksjonelt skilje for alle nettselskap. I praksis betyr krav om selskapsmessig skilje at nettverksemda skal vera organisert som eit eige sjølvstendig juridisk subjekt, skilt frå anna verksemd. Kravet om funksjonelt skilje inneber at personer i leinga i nettføretaket ikkje kan delta i leiinga i søsterselskap i konsernet.

Desse tilhøva tilseier at det må bli tatt stilling til om selskapet er i stand til å møte framtidige krav og forventningar frå styresmaktene, eigar og kunder. Styret i Aurland Energiverk AS må difor greie ut om selskapet skal fortsette som i dag, om det skal seljast, fisjonerast eller fusjonerast med andre. Styret i Aurland Energiverk AS må også greie ut korleis selskapet skal forholde seg til krav om funksjonelt og selskapsmessig skilje, kva det betyr for organiseringa av drift og verksemd og kva for eigarstruktur verksemda finn formålstenleg i framtida.

4.6. Aurland Ressursutvikling AS

Organisasjonsnummer: 978 675 654

Økonomiske nøkkeltal:

RESULTAT	2015	2014
Driftsinntekt	0	5.915.787
Driftsresultat	-5.654.010	-10.116.482
Ordinært resultat før skatt	15.634.351	10.674.247
BALANSE	2015	2014
Omløpsmidlar	21.715.958	23.160.268
Anleggsmidlar	164.056.255	135.427.578
Sum eigendelar	185.772.213	158.587.846
Kortsiktig gjeld	15.188.666	14.555.049
Langsiktig gjeld	43.275.000	24.500.000
Eigenkapital	127.308.547	119.532.797

4.6.1. Formål

Formål

«På forretningsmessig grunnlag å fremma auka verdiskaping og sysselsetting i Aurland kommune gjennom:

- Å tilføra eigenkapital og kompetanse til utvikling av bedrifter, prosjekter og bransjar med potensiale til vekst og lønsemd.
- Investera i og utvikla tomter, bygg eller andre anlegg for utleige eller sal til både næringsdrivande og privatpersoner.
- Engasjementa i verksemdar, bygg o.l. skal, i den grad det er naudsynt for utvikling, ha eit langsiktig perspektiv.»

Aurland ressursutvikling er engasjert i utviklinga av Flåm som reisemål. På kort sikt er selskapet si viktigaste oppgåve å medverka til oppbygginga av merkevara Flåm og naudsynt

infrastruktur for å få til ein attraktivitet i ein konkurranseutsett marknad. På lengre sikt skal selskapet i tillegg driva forvaltning av eigedomar og medverka til utvikling av forretningsverksemd knytt til anlegga som er utvikla, og miljøet kring desse, noko som særleg vert gjort gjennom dotterselskapa.

4.6.2. Organisasjon

Verksemda er organisert som eit aksjeselskap med eit styre på fire personar:

- **Sverre Sellæg Tysland**, leiar
- **Vidar Grønnevik**
- **Randi Ingul Glørstad**
- **Arve Tokvam**

Dagleg leiar er **Solrun Hjellevat**

Aurland kommune eig 40,0 % av aksjane i verksemda.

Aurland Ressursutvikling har følgjande dotterverksemdar:

- **Flåm AS** 100,0 %
- **Flåm Hotell AS** 100,0 %
 - **Flåm Eigedom** (50,7 %) og
 - **Flåmsbryggja eigedom AS** (50,7 %) er begge dotterselskap av Flåm Hotell AS
- **Flåmsbana AS** 100,0 %
- **Sognefjorden AS** 100,0 %
- **Fretheim Hotell AS** 100,0 %
- **Undredal Bygdeutvikling AS** 66,7 %

I tillegg kontrollerer Aurland ressursutvikling følgjande selskap i samarbeid med andre:

- **Flåm Utvikling AS** 50,0 %
- **The Fjords Fartøy I DA** 50,0 %

Flåm AS kontrollerer følgjande selskap i samarbeid med andre:

- **The Fjords DA** 50,0 %
- **Sognefjorden Farty I AS** 50,0 %

Deltaking i desse felles kontrollerte verksemdene er ein del av konsernrekneskapen til Aurland Ressursutvikling. Oversikten her er for morselskapet og inneheld dermed ikkje driftsinntektene til dotterverksemdar eller felles kontrollerte verksemdar. Konsernet hadde ei omsetnad på kr 140.112.118,- med eit resultat på kr 28.065.354,- før skatt for 2015. tilsvarande tal for konsernet for 2014 var 104.864.375,- og kr 2.800.716,-

I tillegg har Aurland Ressursutvikling eigarskap i

- **Sognefjorden Næringshage AS** 25,0 %
- **Visit Sognefjord AS** 12,2 %
- **Myrkdalen Fjellandsby AS** 10,0 %
- **Fjord Tours AS** 10,0 %
- **Cruise Norway AS** 6,5 %
- **Framtidsfylket AS** 4,0 %
- **Fjord Norge AS** <1,0 %

4.6.3. Rådmannen si vurdering av eigarskapet

Denne verksemda har i stadig aukande grad fokusert på turisme med utspring i Flåm. Investeringane som verksemda har gjort, er gjort med tanke på å styrka Aurland og særleg Flåm som reiselivsdestinasjon. Det er og gjort grep for å bli ein meir heilårsdestinasjon, men framleis er verksemda prega av store sesongvariasjonar. Det er eit ynskje for Aurland kommune at verksemda held fram med å auke aktiviteten i vinterhalvåret. Å fokusere på drifta og engasjementet opp mot fjord- og fjellturisme, gjer at verksemda kan spissa sin kompetanse

i ein krevjande marknad. Samstundes er det eit klart ynskje om meir heilårsdrift. Aurland kommune er godt nøgd med at selskapet prioriterer dette.

Eit smalare fokus gjer og at motivet for eigarskapen til Aurland kommune går meir i frå å vera eit politisk motivert eigarskap til å vera eit regionalpolitisk og finansielt motivert eigarskap. Aurland kommune ynskjer denne utvikla velkomen. Likevel gjer avgrensingane i satsingsområda til verksemda det naudsynt for Aurland kommune å finna andre nye måtar å stimulera til lokalt entreprenørskap som fell utanfor Aurland ressursutvikling sine satsingsområder.

Utviklinga i selskapet gjer det og naudsynt for Aurland kommune å vurdere kor lenge det er tenleg å sitja på eigarandelar. Utviklinga i selskapet vil kunne føre til større framtidige investeringar. Dermed aukar risikoen, og samstundes må ein rekna med redusert utbytte på kort sikt. Fortsatt eigarskap kan medføra at kommunen blir utfordra på å ta del i ei auke av eigenkapitalen til verksemda for å handtera behov for auka investeringar. Utviklinga vil og setja større krav til kompetanse hjå eigarane når drifta vert ytterlegare kommersialisert. Det vil då bli eit spørsmål om kor langt kommunen ser seg tent med å følgja med verksemda i denne utviklinga. Eit alternativ er å selje seg ut eller å selje seg ned.

På kort sikt meiner er det formålstenleg at Aurland kommune sit på sin eigardel. Likevel vil ein med kontinuerleg vurdering av frigjort kapital ved sal versus årleg avkasting, kunna enda med å tilrå at kommunen sel sine eigardelar innan slutten av neste kommunetyreperiode.

4.7. Kommunekraft AS

Organisasjonsnummer: 866 818 452

Økonomiske nøkkeltal:

RESULTAT	2015	2014
Driftsinntekt	1 713 542	2 685 791
Driftsresultat	- 1 302 504	534 062
Ordinært resultat før skatt	-1 283 247	417 613
BALANSE	2015	2014
Omløpsmidlar	2 622 822	4 542 138
Anleggsmidlar	200 606	0
Sum eigendelar	2 823 428	4 542 138
Kortsiktig gjeld	937 136	1 372 599
Langsiktig gjeld	-	-
Eigenkapital	1 886 293	3 169 539

4.7.1. Formål

«Formidle aksjeeiernes disponible kraft, herunder konsesjonskraft, og drive annen virksomhet tilknyttet slik formidling.»

129 kommunar, 8 fylkeskommunar og Landssamanslutninga av vasskraftkommunar (LVK) eig verksemda. Kommunekraft vart oppretta for at kommunane og fylkeskommunane såg det som naudsynt å etablera eit miljø utan eigeninteresse i dei avtalar som vert inngått der kommunane og fylkeskommunane kan hente inn råd og rettleiing.

Kommunekraft AS' målsetting er at aksjonærane skal ha mest mogeleg av inntektene frå salet. Verksemda har soleis ikkje størst mogeleg. Kommunekraft AS driv "non-profit", tenestene vert

prisa slik at prisen berre dekker kostnadane ved rettleiinga overfor kommunane og ved å innhente tilbod frå aktørane i marknaden.

Kommunekraft AS formidlar bistand til aksjonærkommunar med å innhente tilbod på og inngåing av fastpriskontraktar, kontraktar for spotpris med påslag og forvaltningskontraktar

Kommunekraft bistår og kommunane med rettleiing i samband med spørsmål om kva kraftrettar kommunane har, inngåing av uttakskontraktar med konsesjonær og korleis kommune bør disponere kraftrettane. Verksenda tilbyr og opplæring for aksjonærkommunane.

Verksemda tæra på eigenkapitalen i 2015 samanlikna med 2014 med heile 40%, inkludert ei auke i honorarkostnader på om lag 800.000 kr og eit fall i provisjonsinntekt på ein knapp million.

4.7.2. Organisasjon

Verksemda er organisert som aksjeselskap der Aurland kommune eig 0,3 % av aksjane og har eit styre med 5 medlemmer:

- Arvid Lillehauge, leiar
- Knut Moe
- Kjell-Idar Juvik
- Benthe Bondhus
- Solveig Sundbø Abrahamsen

Det er ingen tilsette i selskapet. Administrasjonsoppgåvene vert ivareteke av arbeidande styreleiar og advokatane Stein Erik Stinessen og Caroline Lund i Advokatfirmaet Lund & Co DA.

4.7.3. Rådmannen si vurdering av eigarskapet

Eigarskapet til Aurland kommune i Kommunekraft AS er knytt til effektiv tenesteproduksjon, spesielt god forvaltning av eit Aurland kommune sine kraftressursar. Eigarskapet i verksemda kan aktualiserast i samband med at Aurland kommune kan krevja attendelevering av Leinafossen kraftverk til Aurland Energiverk AS i 2017. Analyse av framtidig avkastning vil soleis vera sentralt i ei kost-nytte analyse av forvaltninga av kraftverket. Aurland kommune kan då dra nytte av eigarskapet i kommunekraft AS.

4.8. Luna Mineral AS

Organisasjonsnummer: 986 915 206

Økonomiske nøkkeltal:

RESULTAT	2015	2014
Driftsinntekt	-	-
Driftsresultat	- 44 017	- 19 851
Ordinært resultat før skatt	- 43 866	- 16 265
BALANSE	2015	2014
Omløpsmidlar	154 260	201 800
Anleggsmidlar	-	-
Sum eigendelar	154 260	201 800
Kortsiktig gjeld	35 323	38 996
Langsiktig gjeld	852 000	852 000
Eigenkapital	- 733 062	-689 196

Av selskapet si årsmelding går det fram at:

«Det har ikkje vore noko dagleg drift av selskapet i 2015. Det føreligg planar for endringar og revitalisering for å få på aktiviteten i selskapet.». Styret i selskapet legg og til grunn at føresetnadane for vidare drift er til stade og:

«Selskapet har framleis likviditet og kan dekke alle sine løpande forpliktingar.

Styre vil påpeika at meir enn halvparten av aksjekapitalen allereie var takt pr. 21.12.04, og pr. 31.12.15 er eigenkapitalen negativ med kr 733.062.

Styre ser av den grunn behov for å få tilført kapital for vidare drift og vil ta dette opp med eigarane slik at eigenkapitalen vert styrka og intakt. Dette vil bli gjennomført i 2016.»

Eigenkapitalen i selskapet er tapt. Selskapet har eit ansvarleg lån hjå Aurland kommune på kr 852.000,- som er rente- og avdragsfritt frem til 31.12.2015, då lånet skulle bli forhandla på nytt med ny rente- og nedbetalingsplan. Dette er enno ikkje gjort.

Luna Industri AS er dotterselskap til og heileigd av Luna Mineral As. Luna Industri AS hadde eit driftsunderskot på kr 12.195,- for 2015, 16.187,- for 2014. I 2007 fann selskapet at kriteria for balanseføring ikkje var til stades og balanseporten for selskapet vart nedskrive, men med håp om reversera føringa om kriteria skulle vera til stades på eit seinare tidspunkt. Dette er enno ikkje gjort.

4.8.1. Formål

«Å forvalte rettighetene til mineralressursene – anorthosittressursene på eiendommene gnr 61 brnr 1,2,3 og 11 i Aurland, samt eiendommen gnr 338 brnr 1 og gnr 339 brnr 1 i Voss. Selskapet kan delta i investeringer som er relevante i forbindelse med utnyttelse av mineralressursene. Dette kan skje i samarbeid med andre selskaper eller gjennom investeringer i andre selskaper.»

4.8.2. Organisasjon

Luna Mineral AS er organisert som eit aksjeselskap der Aurland kommune eig 71,4 % av aksjane. Styret i verksemda har 3 medlemmer:

- **Noralv Distad**, leiar
- **Kristine Grønner Ohnstad**
- **Morten Gunnar Samskott**

Luna Mineral AS eig alle aksjane i **Luna industri AS**.

Verksemda er sovande.

4.8.3. Rådmannen si vurdering av eigarskapet

Det vil vera naudsynt å gjennomgå Aurland kommune sitt eigarskap i selskapet for å sikra kommunen sine verdiar. Eigarskapet i selskapet er finansielt motivert, i utgangspunktet med eit langsiktig perspektiv. Det er og eit regionalpolitisk motiv i å bygga opp kvalitetar rundt ressursane som selskapet har rettar til, for å sikra lokal råderett over lokale ressursar slik at mest mogeleg av verdiskapinga gjev lokale synergjar. Likevel vil det vera naudsynt for Aurland kommune å sikra dei ressursane som kommunen har lagt ned i selskapet. Det må difor vurderast kva kommunen kan gjera for å sikra rettar og leggja til rette for vidareutvikling av selskapet. Eit verkemiddel i denne samanhengen er reforhandling av lånevilkåra for det kommunale lånet til selskapet når ein finn det føremålstenleg å vekka verksemda. Ein må då og vurdere kommunen si vidare rolle i verksemda.

4.9. Sogneprodukt AS

Organisasjonsnummer: 927 970 678

Økonomiske nøkkeltal:

RESULTAT	2015	2014
Driftsinntekt	28 340 767	29 225 222
Driftsresultat	-1 459 562	-228 099
Ordinært resultat før skatt	-996 989	80 190
BALANSE	2015	2014
Omløpsmidlar	18 543 708	19 066 514
Anleggsmidlar	13 598 532	14 178 575
Sum eigendelar	32 142 240	33 245 089
Kortsiktig gjeld	4 700 185	4 806 044
Langsiktig gjeld	-	-
Eigenkapital	27 442 055	28 439 045

4.9.1. Formål

«Gjennom arbeidsretta tiltak skaper selskapet grunnlag for rekruttering til ordinært arbeidsliv. Selskapet er «ei bru til arbeidslivet» for dei som treng hjelp til å skaffe seg arbeid eller utdanning. Tenester, produksjon og handel eller anna næringsverksemd kan vere ein del av prosessen. Verksemda gir og tilbod om varig sysselsetting for personar som treng det.»

Verksemda freistar, gjennom kontakt med arbeidsplassar og arbeidsgjevarar langs heile Sognefjorden, å finna framtidsretta løysingar for at arbeidssøkjjarar skal finne sin plass i arbeidslivet ved å sjå på den einskilde sine ressursar, interesser og behov. I tillegg til å tilby attføringstenester for brukarar i regionen, tilbyr verksemda tenester til innsette i Vik fengsel.

4.9.2. Organisasjon

Verksemda er organisert som eit AS der Aurland kommune eig 4,5 % av aksjane. Styret for verksemda er på sju medlemmer:

- **Stig Roar Hovland**, leiar
- **Lasse Sælthun**
- **Arne Hovland**
- **Astrid Hove**
- **Tove Lislelid**
- **Alfred Kollsete**
- **Nils Magnar Feten**

Dagleg leiar er **Ragnhild Fjærestad**.

Verksemda opplyser i si årsmelding at store endringar er på trappene i bransjen, med større konkurranseutsetting.

Sogneprodukt har sidan september 2015 vore i samtalar med Balestrand Industrier as og Vik Asvo as om samarbeid og eventuell fusjon, ein prosess som har enda i at verksemda no tilrår ein fusjon.

NAV Aurland ser Sogneprodukt AS som ei viktig samarbeidsbedrift, som ei av fleire aktuelle verksemdar med potensielt supplerande tenestetilbod for NAV Aurland sine brukarar.

4.9.3. Rådmannen si vurdering av eigarskapet

Aurland kommune er einig i det er positivt for verksemda at det vert eit større regionalt samarbeid for å finna dei beste, mest samfunnsøkonomiske og konkurransedyktige tilbodet innan kjerneverksemda. Det er viktig at verksemda utviklar eit tilbod som er eit godt supplement til dei teneste som NAV i regionen sjølv kan tilby. Verksemda bør ikkje har konkurrerende, men supplerande tilbod i høve til det kommunane sjølv kan tilby. Ei større regional verksemd skulle gjera verksemda betre rusta til å gje og vidareutvikla slike tilbod.

Aurland kommune bør ha langsiktig eigarinteresser i eit selskap som kan tilby spesialiserte arbeidsretta tiltak utover det kommunen sjølv kan tilby.

4.10. SognLab AS

Organisasjonsnummer: 986 390 103

Økonomiske nøkkeltal:

RESULTAT	2015	2014
Driftsinntekt	2 191 767	2 172 085
Driftsresultat	833	- 162 586
Ordinært resultat før skatt	9 498	- 144 681
BALANSE	2015	2014
Omløpsmidlar	1 246 040	1 180 078
Anleggsmidlar	154 300	224 000
Sum eigendelar	1 400 340	1 404 078
Kortsiktig gjeld	318 012	331 247
Langsiktig gjeld	5 000	5 000
Eigenkapital	1 077 329	1 067 831

4.10.1. Formål

«Levere laboratorietenester til offentlige og private kundar med hovudvekt på testing av vatn, miljø, kjøt og fisk, konsulentverksemd og anna verksemd med tilknytning til dette, her medrekna deltaking i andre selskap med liknande verksemd.»

SognLab utfører kjemiske og mikrobiologiske laboratorieanalyser, prøvetaking og rådgjeving innan områda drikkevatt, matvarer, vassdrag og avløpsvatt. Verksemda er totalleverandør av analysetenester og nyttar underleverandørar dersom oppdraga krev det.

4.10.2. Organisasjon

Verksemda er organisert som eit aksjeselskap og har eit styre på tre medlemmer:

- **Ivar Slinde**, leiar
- **Trond Øyen Einemo**
- **Sigrun Marit Dale**

Dagleg leiar er **Thomas Lysne**. Aurland kommune eig 10,8 % av aksjane i verksemda.

4.10.3. Rådmannen si vurdering av eigarskapet

Denne verksemda leverer tenester som Aurland kommune nyttiggjer seg. Eigarskapet er soleis motivert av ei effektiv tenesteproduksjon. Eigarskapsinteressa er soleis langsiktig, men passiv.

4.11. Visit Sognefjord AS

Organisasjonsnummer: 911 713 675

Økonomiske nøkkeltal:

RESULTAT	2015	2014
Driftsinntekt	9 347 126	9 507 311
Driftsresultat	-40 244	-250 980
Ordinært resultat før skatt	-51 927	-182 506
BALANSE	2015	2014
Omløpsmidlar	3 258 668	5 802 106
Anleggsmidlar	663 733	321 583
Sum eigendelar	3 922 401	6 123 689
Kortsiktig gjeld	1 817 883	3 967 245
Langsiktig gjeld	-	-
Eigenkapital	2 104 518	2 156 444

4.11.1. Formål

«Visit Sognefjord skal vere eit felles sals-, marknadsførings- og kompetanseorgan for bedrifter, kommunar og organisasjonar som har interesser knytt til reiselivsnæringa og profilering av regionen, og skal bidra til å løyse fellesoppgåver for reiselivsnæringa i dei deltakande kommunane. Visit Sognefjord skal gjennom samling og koordinering av ressursar og interesser arbeide for ei berekraftig utvikling av reiselivsnæringa for å sikre auka verdiskaping og sysselsetjing. Visit Sognefjord skal stimulera til kompetanseheving og produktutvikling og vera ein aktiv pådrivar for aktivitetar og prosjekt som er viktige for reiselivsnæringa. Visit Sognefjord skal marknadsføre regionen som reisemål for ferie-, fritids- og konferansemarknaden, samt bidra til heilskapleg marknadsføring av Sogneregionen som bu, arbeids- og opplevingsstad. Visit Sognefjord skal vere reiselivet i regionen sin representant i relevante lokale, nasjonale og internasjonale fora. Visit Sognefjord skal kunne delta i andre verksemdar med same formål. Eventuelt overskot i selskapet kan ikkje delast ut i form av utbytte til eigarane, men skal utelukkande nyttast i framtidig drift av Visit Sognefjord»

4.11.2. Organisasjon

Verksemda er organisert som eit aksjeselskap med eit styre med 8 styremedlemer (pr. mars 2017) :

- **Yngve Hallén**, leiar
- **Olav Grov**
- **Terje Kjørnes**
- **Jorunn Åsfrid Røyrvik**
- **Steinar Aase**
- **Harald Norvald Offerdal**
- **Øyvind Wigand**
- **Kristine Grønner Ohnstad**

Dagleg leiar er **Ståle Brandshaug**

Medlemsavtalen regulerer marknadsbidraget som er utrekna etter kommunane sin aksjekjøpsmodell. Aurland kommune sitt marknadsbidrag til verksemda er KPI justert, og er i 2017 på kr 1.004.257,- Noverande avtale gjeld perioden 2016 – 2018.

4.11.3. Rådmannen si vurdering av eigarskapet

Kommunen sitt eigarskap i verksemda har vore regionalpolitisk motivert, samstundes som det har vore ein del av tenesteytinga til kommunen gjennom kjøp av tenester knytt til turistinformatjon med vidare. Denne typen marknadsføring er framleis viktig, men Aurland kommune bør vurderer framtidige løysingar som kan ha større effekt for reiselivet i Aurland. Dette er ein prosess som ein må starte no og der ein må kunne konkludera i god tid før avtalen går ut. Det vil i den samanheng også vera aktuelt å ha samtalar med andre regionar og aktørar/kommunar og analysere moglegheitene som kan ligge i ei utviding eller retningsendring knytt til eit regionalt samarbeid innan reiseliv.

4.12. Eigenkapitalinnskot KLP

Organisasjonsnummer: 938 708 606

Kommunal Landspensjonskasse	2015	2014
Resultat før skatt	4.858.000.000	959.000.000
Premieinntekter (utan tilflytta premiereservar)	29.541.000.000	32.280.000.000
Netto til-/fråflytting av premiereservar og andre fond	10.182.000.000	28.677.000.000
Resultat til kundar	20.650.000.000	6.959.000.000
Forsikringsfond	412.363.000.000	378.602.000.000
Forvaltningskapital	457.453.000.000	415.030.000.000
Eigenkapital	23.204.000.000	17.454.000.000
Soliditetskapital	87.086.000.000	73.909.000.000

4.12.1. Formål

«Selskapet skal ivareta medlemmenes behov for tjenstepensjonsordningar. Selskapet kan også enten selv eller gjennom deltakelse i andre selskaper tilby andre pensjons- og forsikringsprodukter, og kan delta i eller drive enhver virksomhet som naturleg henger sammen med forsikringsvirksomhet og enhver annen virksomhet som er tillatt for livsforsikringselskaper, herunder administrasjon og forvaltning av pensjonskasser.»

Aurland kommune har sine pensjonsforpliktingar knytt til KLP.

I 2015 hadde KLP heile 402 kommunar som kundar, ei vekst frå 314 i 2011. Livsforsikringselskapet si forvaltningskapital auka frå 415 milliardar kroner i 2014 til 457,5 milliardar i 2015.

4.12.2. Organisasjon

Verksemda er organisert som eit gjensidig forsikringselskap med eit styre på åtte medlemmer:

- **Liv Kari Eskeland** (leiar)
- **Egil Johansen**
- **Styremedlem:**
- **Marit Torgersen**
- **Ingjerd Cecilie Hafsteen Blekeli Spiten**
- **Lars Harry Vorland**
- **Freddy Larsen**
- **Susanne Torp-Hansen**
- **Helge Jan Gulbrandsen**

Dagleg leiar er **Sverre Thornes**

4.12.3. Rådmannen si vurdering av eigarskapet

Eigarskapsinteressa i KLP er knytt til pensjonsordninga som Aurland kommune kan tilby sine tilsette. Motivet er soleis knytt til effektiv tenesteproduksjon. Det er og eit politisk eigarskap då det er ei politisk prioritering å tilby offentleg tenestepensjon gjennom KLP. Ordninga er eit gode for tilsette. Arbeidstakarar er i aukande grad opptatt av kva for pensjonsordningar som er knytt til eit tilsettingsforhold. Soliditeten i selskapet er aukande.

4.13. Alarmsentralen i Sogn og Fjordane IKS

Organisasjonsnummer: 971 361 883

Økonomiske nøkkeltal:

RESULTAT	2015	2014
Driftsinntekt	16.631.135	16.019.011
Driftsresultat	617.915	944.295
Ordinært resultat før skatt	913.920	1.144.577
BALANSE	2015	2014
Omløpsmidlar	4.505.465	4.715.495
Anleggsmidlar	13.308.166	11.254.894
Sum eigendelar	17.813.561	15.970.389
Kortsiktig gjeld	2.806.181	2.685.470
Langsiktig gjeld	13.781.700	13.252.627
Eigenkapital	1.225.750	32.292

4.13.1. Formål

Alarmsentral for brann, ulykker og akutt forureining for Flora, Hyllestad, Høyanger, Vik, Balestrand, Leikanger, Sogndal, Lærdal, Årdal, Luster, Askvoll, Fjaler, Gaular, Jølster, Førde, Naustdal, Bremanger, Vågsøy, Selje, Eid, Hornindal, Gloppen, Stryn og Aurland kommune.

«Sentralen er underlagt lov om brannvern med gjeldande føreskrifter: (Ref: Forskrift for organisering og dimensjonering av brannvesen) § 4-5 Naudmeldemottak Kommunane innafor ein region skal vere tilslutta alarmsentral - brann. Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS, heretter kalla alarmsentralen skal til eikvar tid kunne ta imot meldingar som brannar og andre ulykker frå heile regionen den dekkjer. Sentralen skal ha fast bemanning av kvalifisert personale og vere utrusta slik at melding blir forsvarlig mottatt og registrert og ved behov samordna med andre naudetatar. § 4-6 Utkalling av innsatsstyrke og etablering av samband Alarmsentralen er ansvarlig for alarmering og utkalling av tilstrekkelig innsatsstyrke og for alarmering av brannsjef eller overordna vakt. Personell som ikkje oppheld seg på brannstasjon skal alarmerast over personsøkjjar eller tilsvarande. Alarmsentralen skal til eikvar tid kunne opprette direkte kontakt til politiets og helsevesenets alarmsentralar. § 4-7 Samband Alarmsentralen skal opprette samband med utrykkingsleiar i innsatsstyrken og med brannsjef eller overordna vakt, samt hjelpe til under innsatsen. Røyk- og kjemikaliedykkarar skal ha radiosamband med personell utanfor det området kor andrerettsvern er påkravd, når dette er nødvendig for innsats og tryggleik. Vidare skal drifta ivareta tryggleik for dei tilsette og drivast mest mogleg lønsam. Budsjett, handlingsprogram og årlig rapport skal dokumentere resultatkrav og resultat.»

4.13.2. Organisasjon

Alarmsentralen i Sogn og Fjordane er organisert som eit interkommunalt selskap med eit styre på fem medlemmer:

- Øyvind Bang-Olsen (leiar)
Kari Helene Støfringsdal
- Stein Robert Osdal
- Anne Kauppi
- Frode Bengt Korneliussen

Dagleg leiar er **Terje Brandsøy**.

4.13.3. Rådmannen si vurdering av eigarskapet

Sentraliseringstendensane ein ser i debattane om kommune- og fylkesstruktur, aktualiserer det regionalpolitiske motivet for eigarskapen i Alarmsentralen i Sogn og Fjordane. Samstundes er tenesta viktig for ei effektiv tenesteproduksjon av tenester med god lokalkunnskap og av god kvalitet. Soleis er det viktig å stadtesta at Aurland kommune har eit langsiktig motiv for sitt eigarskap i selskapet.

4.14. SIMAS IKS

Organisasjonsnummer: 974 888 076

Økonomiske nøkkeltal:

RESULTAT	2015	2014
Driftsinntekt	62.462.461	60.034.348
Driftsresultat	-894.504	1454.071
Ordinært resultat før skatt	-1.481.644	-37.526
BALANSE	2015	2014
Omløpsmidlar	22.159.405	17.176.627
Anleggsmidlar	70.672.445	47.187.107
Sum eigendelar	92.831.850	64.363.734
Kortsiktig gjeld	16.114.920	12.658.899
Langsiktig gjeld	56.423.600	29.929.860
Eigenkapital	20.296.331	21.774.974

4.14.1. Formål

Avfallshandteringsselskap for Balestrand, Høyanger, Luster Leikanger, Lærdal, Sogndal, Vik, Årdal og Aurland kommune.

«Å løysa eigarkommunane sine oppgåver innan avfallshandtering på ein best mogleg måte økonomisk, ressurs- og miljømessig. I arbeidet med desse oppgåvene skal det også takast omsyn til brukarane/innbyggjarane sine ønskje og interesser. I praksis vil ovannemnde medføra at selskapet skal ta over eigarkommunane sine oppgåver med:

1. Oppsamling, innsamling og transport av alle avfallstypar i kommunane.
2. Bygging og drift av behandlingsanlegg for restavfallet til gjenvinning.
3. Bygging og drift av innsamlingssystem, mottak, gjenvinning, mellomlagring og vidareending av spesialavfall og avfall som kan gjenvinnast. SIMAS må aktivt arbeida for å samarbeida med andre selskap/kommunar både i og utanfor regionen, slik

at avfallshandteringa vert best mogleg både miljømessig og ressursmessig ved maksimal utnytting av egne- og andre sine anlegg.

4. Selskapet skal leggja særleg vekt på miljøvenleg og kostnadseffektiv drift i alle ledd av avfallsbehandlinga. Selskapet skal i nært samarbeid med kommunane informera publikum og næringsdrivande om drift av selskapet. Selskapet skal i informasjonsarbeidet leggja vekt på å gje auka kunnskap og forståing for miljøvenlege behandlingsmetodar.

5. Selskapet skal samordne kommunane i arbeidet med å hindre avfallsproduksjon, redusere avfallsmengdene og auke utnyttinga av ressursane i avfallet. Handsaming av avfall skal skje på basis av økologiske retningslinjer og slik at miljøkrav og sentrale krav vert stetta. Selskapet skal vera pådrivar ovanfor eigarkommunar, lokalt næringsliv og innbyggjarar innan sitt fagområde.

6. Selskapet kan ta over ansvaret for dei nemnde funksjonane gradvis etter nærare avtale med kommunane. Den einskilde kommune kan, etter godkjenning av representantskapet, også velje eit anna nivå for sine ytingar til innbyggjarane enn vanleg i selskapet sitt arbeidsområde. Slike avgjerder skal så langt råd er ikkje ha økonomiske konsekvensar for selskapet.

Årdal kommune har reservert seg på punkta 1-6, men deltek elles på lik linje med dei andre eigarkommunane. Årdal kommune vil i størst mogleg grad tilpasse sine forskrifter for avfalls- og slamhandsaming til dei andre eigarkommunane sine avfalls- og slamforskrifter, slik at ei full tilslutning til SIMAS si selskapsavtale, lett let seg gjennomføre seinare.

Selskapet avgjer i kva grad drifta skal skje ved bruk av egne anlegg, utstyr og mannskap, eller ved leigeavtalar med medlemskommunane, eventuelt kommunar/interkommunale selskap utanfor Indre Sogn, eller private næringsdrivande.»

4.14.2. Organisasjon

Verksemda er organisert som eit interkommunalt selskap med eit representantskap med ni medlemmer valt av eigarkommunane. Representantskapet vel igjen eit styre på fem medlemmer som no består av:

- **Jøril Hovland** (leiar)
- **Jan Roy Dalheim**
- **Åge Skrede**
- **Edith Valeberg Eggum**
- **Ingebjørn Giil**

Dagleg leiar er **Hallvard Thomassen**

SIMAS næring AS er heileigd av SIMAS IKS med ein aksjekapital på kr 500.000,- SIMAS næring driv med ikkje-lovpålagde oppgåver knytt til avfallshandtering som næringsavfall og containerutleige. I tillegg eig SIMAS IKS aksjar i Retura AS, leverandør av avfallstenester til næringslivet, og Rekom AS, eit selskap innan avfallsgjenvinning.

4.14.3. Rådmannen si vurdering av eigarskapet

Eigarskapet i verksemda er knytt til effektiv tenestehandtering innan renovasjon. For Aurland kommune er eigarskapet viktig med tanke på kostnadseffektiv og berekraftig avfallshandtering. Ser ein på investeringane til SIMAS IKS, finn ein eit fokus knytt opp mot dei ikkje-lovpålagte oppgåvene til selskapet. Dette er ikkje i strid med Aurland kommune sine interesser, særleg knytt til berekraftig utnytting av ressursane som ligg i resirkulering, attvinning og elles ressursutnytting av avfallet som vert produsert. Selskapet meiner sjølv dei skal vere «*pådrivar ovanfor eigarkommunar [...] innanfor avfallsområdet.*» Aurland kommune bør sjå positivt på dette, så lenge dette ikkje går på kostnad av økonomisk og miljømessig avfallshandtering i Aurland kommune.

4.15. Aurland Hamnevesen KF

Organisasjonsnummer: 980 564 355

Økonomiske nøkkeltal:

RESULTAT	2015	2014
Driftsinntekt	11.138.059	11.057.179
Driftsresultat	3.577.897	3.074.382
Ordinært resultat før skatt	3.566.082	3.120.739
BALANSE	2015	2014
Omløpsmidlar	13.810.450	12.090.178
Anleggsmidlar	27.723.327	26.817.585
Sum eigendelar	41.533.777	38.907.763
Kortsiktig gjeld	345.383	311.767
Langsiktig gjeld	8.674.333	9.614.401
Eigenkapital	32.859.444	29.293.362

4.15.1. Formål

Formål

«Planlegging, utbygging og drift av offentlege hamnefunksjonar i Aurland hamnedistrikt, i tillegg til å utføra kommunale hamnemynde i medhald av Lov nr. 51 om hamner og farvatn, av 08. juni 1984.»

4.15.2. Organisasjon

Aurland Hamnevesen er organisert som eit kommunalt føretak med eit styre med fem medlemmer:

- **Noralv Distad** (leiar)
- **Osvold Turlid**
- **Marianne Holme**
- **Marit Vindedal Berge**
- **Anders Fretheim**

Dagleg leiar er **John Erik Johnsen**

4.15.3. Rådmannen si vurdering av eigarskapet

Det er eit klart ynskje at Aurland Hamnevesen skal ta eit samfunnsansvar i drifta av verksemda. Innan ramma av gjeldande reglar og lovverk er det ynskjeleg at verksemda tek eit samfunnspolitisk ansvar for utviklinga av hamneområda i Aurland og kommunikasjonane mellom desse. Det er difor viktig å halda på organisasjonsforma som kommunalt selskap. Kommunestyret kan då gjera vedtak som er bindande for verksemda.

4.16. Sogn regionråd

Organisasjonsnummer: 974 814 439

Økonomiske nøkkeltal:

RESULTAT	2015	2014
Driftsinntekt	8.536.614	8.760.870
Driftsresultat	1.135.041	934.632
Ordinært resultat før skatt	0	1

Av driftsresultatet går det fram eit overskot på kr 1.135.041 for 2015. Dette midlane vert tilført til ulike fond som Sogn regionråd rår over. Totalt hadde Sogn regionråd kr 5.027.145,- i fondsmidlar 31.12.2015. Med unnatak av eitt er alle fonda knytt til ulike prosjekt. Bindingen på midlane i desse fonda er av ulik styrke. Siste fondet inneheld avsette

deltakarkontingentar og renteinntekter, er kr 329.233,- stort og har ingen bindingar.

4.16.1. Formål

«Sogn regionråd er skipa som eit interkommunalt selskap med heimel i § 27 i kommunelova. Rådet er sett saman av kommunane i Høyanger, Vik, Balestrand, Leikanger, Sogndal, Luster, Årdal, Lærdal og Aurland.

Sogn regionråd skal vere ein felles arena med fokus på å sikra og vidareutvikle rammevilkåra for busetnad og næringsliv i regionen. Sogn regionråd skal òg fungere som base for definerte prosjekt og vidare ha som mål å samordne og forenkle oppgåver for eigarane.»

4.16.2. Organisasjon

Til tross for at vedtektene seier at Sogn regionråd er skipa som eit interkommunalt selskap (IKS), er Sogn regionråd registrert i einingsregisteret som eit organisasjonsledd under Sogndal kommune.

Rådet består av ordførarane i deltakarkommunane og har soleis ni medlemer:

- **Petter Sortland**, Høyanger kommune (leiar)
- **Jan Geir Solheim**, Lærdal kommune
- **Noralv Distad**, Aurland kommune
- **Harald Offerdal**, Balestrand kommune
- **Ivar Kvalen**, Luster kommune
- **Arild Ingar Lægreid**, Årdal kommune
- **Jon Håkon Odd**, Leikanger kommune
- **Olav Turvoll**, Vik kommune
- **Jarle Aarvoll**, Sogndal kommune

Dagleg leiar er **Karina Nerland**.

4.16.3. Rådmannen si vurdering av eigarskapet

Aurland kommune sitt medlemskap i Sogn regionråd er regionalpolitisk motivert. Å stå saman i Sogn er særleg viktig for tida for å kunna stå i mot sentraliseringstendensane ein står over for i tillegg til å ivareta utnytting og vidareutvikling av lokale ressursar til beste for deltakarkommunane.

Ei utfordring med organiseringa av Sogn regionråd, er knytt til manglane handlekraft på bakgrunn av at rådet er avhengig av konsensusavgjersler. Ved å ha eit råd som består av alle ordførarane, har ein ei sterk politisk forankring av rådet. Dette skulle tilseia at det skulle vera mogleg for rådet å vera ein politisk spydspiss for regionale interesser i større grad enn ein kan

sjå i dag. Det er og naudsynt å avgrensa veksten i offentleg tenesteyting i tida framover. Då er det viktig å leggja til rette for privat verdiskaping og entreprenørskap.

Samla fondsverdiar på over 5 millionar for eit organisasjonsledd der brorparten vert presentert som bunde midlar, syner eit etterslep på gjennomføring i prosjekta.

Ein tilrår at Sogn regionråd innfrir føresetnadane som ligg i rådet sine vedtekter og etablerer eit Sogn Regionråd IKS. Rådet slik det er i dag, bør vidareførast som representantskapet til verksemda. I tillegg bør det etablerast eit styre som vert oppnemnd av representantskapet. Dagleg leiar bør rapportera til styret og styret til representantskapet. Eit slikt styre vil i større grad kunna utforma, utfordra og etterleva dei politiske føringane til representantskapet. Det vil og gje representantskapet høve til mindre detaljfokus og meir fokus på dei overordna problemstillingane. Styret vil dermed kunna overta dei operative prioriteringane. Ein vonar at ei slik organisering vil gjera det enklare for Sogn regionråd, både å vere ein meir aktiv politisk spydspiss, og å samarbeida meir med private aktørar for å sikra og vidareutvikla rammevilkåra for private næringsinteresser i regionen. Regionrådet bør også prioritera å ha fokus på nokre få store prosjekt med regional og internasjonal finansiering, og sjå bort frå mindre prosjekt. Å arbeida med internasjonalisering er viktig, men krevjande for mange kommunar. Slik kan eit regionråd vera ein naturleg arena for nettopp dette arbeidet. Med internasjonal tilnærming i prosjektsamanheng er grad av innovasjon og nytenking høgare enn gjennom reint regionale prosjekt. Det vil soleis vera naturleg at regionrådet organiserer seg for slikt arbeid, og tek på seg denne rolla.

Aurland kommune bør og vurdera og engasjera seg sterkare i regionale interesser som går langs E16. I samband med kommunereforma var det Voss kommune som peika seg ut som det mest tenlege framlegget til samanslåingspartner. Dette stranda, men Aurland kommune har framleis sterke politiske interesser av aksa som går langs hovudvegen. Denne interessa bør vidareutviklast og kanskje og formaliserast sterkare.

4.17. Aurland kjøle- og fruktlager SA

Organisasjonsnummer: 955 264 134

Økonomiske nøkkeltal:

RESULTAT	2015	2014
Driftsinntekt	2.061.781	2.029.956
Driftsresultat	-5.103	-27.018
Ordinært resultat før skatt	-4.869	-24.916
BALANSE	2015	2014
Omløpsmidlar	568.307	582.759
Anleggsmidlar	87.016	90.642
Sum eigendelar	655.323	673.401
Kortsiktig gjeld	35.481	41.707
Langsiktig gjeld	-	-
Eigenkapital	619.842	631.694

4.17.1. Formål

«Fryseri og kjølelager med mottak og omsetning av landmannsprodukt for lagsmennene. Laget omset og vanlege driftsmidlar for landbruket. Lagsmøte kan elles med 2/3 fleirtal av dei møtande, gjera vedtak om å utvida drifta til andre samyrketiltak.»

Butikkhandel av driftsmidlar til landbruk og storhushaldningar. Verksemda driv for tida ikkje med mottak og vidareomsetning av produkt frå lokalt landbruk, men fungerer som grossistsledd for landbruket.

4.17.2. Organisasjon

Aurland kjøle- og fruktlager er organisert som ein samvirkeføretak med eit styre på fem medlemmer:

- **Harald Skjerdal** (leiar)
- **Atle Kvam**
- **Trygve B Skjerdal**
- **Einar Lie**
- **Egil Aas**

I einingsregisteret er Dag Lie Roberts registrert som dagleg leiar, men han opplyser sjølv at han ikkje har jobba der på fleire år.

4.17.3. Rådmannen si vurdering av eigarskapet

Verksemda utfører ein funksjon som grossist for lokalt landbruk. Utviklinga av verksemda har resultert i ei drift som er noko annleis enn det namnet på verksemda signaliserer. Verksemda driv ikkje med mottak av varer frå lokalt landbruk for vidare sal eller vidare sending til foredling.

Verksemda disponerer og eit areal på kaiområdet på Aurlandsvungen som aurlandssamfunnet ville vore tent med vart vidareutvikla til anna formål. Aurland kommune bør difor stimulera til ei relokalisering av dei funksjonane som Aurland kjøle- og fruktlager i dag representerer. Styret i selskapet må vera tydeleg på kva som er selskapet sin framtidige funksjon og eksistens.

4.18. Aurland Setjefisk SA

Organisasjonsnummer: 963 739 621

Økonomiske nøkkeltal:

RESULTAT	2015	2014
Driftsinntekt	523.970	533.720
Driftsresultat	3.239	-14.848
Ordinært resultat før skatt	2.819	-13.571
BALANSE	2015	2014
Omløpsmidlar	367.015	449.664
Anleggsmidlar	139.500	66.500
Sum eigendelar	505.515	516.164
Kortsiktig gjeld	39.495	51.963
Langsiktig gjeld	-	-
Eigenkapital	467.020	464.201

4.18.1. Formål

«Produsera setjefisk for utsetjing i vatn og vassdrag i Aurland Kommune. Som lekk i dette arbeidet kan laget selja yngel og setjefisk til kjøparar både i og utanfor kommunen. Medlemene forpliktar seg til, gjennom å yta ein arbeids- innsats eller på annan måte, å medverka til at det ovannemnde føremålet kan oppfyllest.»

4.18.2. Organisasjon

Verksemda er organisert som eit samvirkeføretak med eit styre med fem medlemmer:

- **John Håland** (leiar)
- **Erling Nesbø**
- **Marco Neven**
- **Ola Kvam**
- **Trygve B Skjerdal**

Dagleg leiar er **Håkon Øydvin**.

4.18.3. Rådmannen si vurdering av eigarskapet

Som vasskraftkommune er arbeidet med ivaretaking av den lokale fiskestamma eit viktig arbeid. Det er viktig å støtta opp om arbeidet som syner at kommunen er med å ta ansvar knytt til dei inngrepa kraftproduksjonen inneber. Aurland kommune må difor sjå parallelar mellom eigarskapen i Aurland Setjefisk og Aurland Energiverk. Eigarinteressa til kommunen er soleis politisk som ein langsiktig, passiv eigar.

5. Vidareutvikling av Aurland kommune som eigar

Norsk institutt for by- og regionsforskning publiserte i 2015 ein sluttrapport for prosjektet «Kommunale selskap og folkevalgt styring gjennom kommunalt eigarskap». I rapporten kan ein lesa (s.184 .ff.):

«Mange kommuner har for eksempel utarbeidet en egen eierstrategi, og behandler en eierskapsmelding med gjennomgang av alle kommunens eierposter regelmessig. Men et betydelig mindretall av kommunene har ikke slike dokumenter. Mens ordføreren oftest er den som representerer kommunen på selskapenes generalforsamling eller representantskapsmøter, konsulterer han i mange tilfeller rådmannen og formannskapet i for- og etterkant av slike møter. Men i en betydelig andel av kommunene skjer ikke dette, noe som tyder på at den politiske forankringen kan være svak. Noen kommuner har utviklet rådmannens og kommuneadministrasjonens støttefunksjon på en svært organisert og systematisk måte. Men i et ikke ubetydelig antall kommuner ser det ut til at ordføreren selv må ta mye av ansvaret for å holde seg oppdatert og informert om selskapenes virksomhet.

Styrefunksjonen i de kommunaleide selskapene er i stor grad politisert. Det er oftest politiske aktører som foreslår og velger styremedlemmer, og de aller fleste kommunene har valgt å bemanne styrene med folkevalgte. Begrunnelsene for dette, er særlig at det er en egnet måte å sikre folkevalgt styring og ivareta kommunepolitikernes representative rolle. Det hevdes at styrene trenger politisk kompetanse, på linje med annen kompetanse. Og partikanalen kan fungere som en integrerende mekanisme mellom selskapene og kommunens politiske miljø (men da særlig for posisjonen). Men rådmennene er jevnt over skeptiske til disse argumentene. Mange ser det som en stor svakhet at styret ikke kan kastes, når det består av folkevalgte. Og man bekymrer seg ikke minst for at «kjøttvekt» og politiske fordelingsmekanismer blir viktigere enn relevant kompetanse, når styrene skal bemannes. Det hevdes også at styremedlemmene tar med seg partikonflikter inn i styret, og at politiske styremedlemmer på denne og andre måter opptrer på en måte som vitner om feil rolleforståelse.

Undersøkelsen indikerer samlet sett at det er et betydelig politisk informasjonsunderskudd knyttet til de kommunaleide selskapene i mange kommuner. Det er flere sider ved dette. Mange mener at kommunestyrene ikke får tilstrekkelig informasjon om selskapene, og at de folkevalgte ikke er godt nok orientert om dem. Et betydelig antall kommuner har ikke gjennomført spesifikke tiltak for å bygge

kompetanse om selskapene og systemene for eierstyring blant de folkevalgte, og har heller ikke tatt systematisk i bruk virkemidler for å ivareta etiske hensyn. Et mindretall mener at kontrollrutinene er tilstrekkelige. Bare nær halvparten mener at selskapsformen gir dårligere mulighet for innsyn og kontroll, og flertallet mener at selskapsformen gjør at de folkevalgte mister innflytelse. Dette tyder på at mange kommuner ikke i tilstrekkelig grad utnytter de mulighetene som finnes for å sikre godt informasjonsgrunnlag for politisk eierstyring.

Samlet sett fremstår eierskapsstyringen som et område hvor en begrenset andel av de folkevalgte er direkte involvert. Menige kommunestyrerepresentanter er i mange tilfeller marginaliserte og uinformerte, mens ordfører, formannskap, folkevalgte styremedlemmer og kontrollutvalget har betydelige roller. Dette kan være en villet situasjon av ulike grunner, men en årsak kan også være at eierstyringen er til dels kompleks og at mange folkevalgte mangler forutsetningene for å sette seg inn i det. Dette kan medføre at kommunen ikke utnytter sin samlede folkevalgte kapasitet til å identifisere og diskutere de politiske sidene ved selskapene.

I konklusjonane finn ei og ei anbefaling frå instituttet (s. 188):

«De folkevalgte har en spesielt viktig rolle i det å se hva slags samspill det kan være mellom selskapets forretningsmessige strategi, og utviklingen i kommunepolitikken. Som folkevalgte eiere bør de kunne se eventuelle politiske implikasjoner av strategiske valg i selskapene de eier. De bør forstå hvordan samfunnsendringer og politiske endringer gjør at et selskaps strategi og virksomhet kommer i et nytt lys, og må vurderes på nye premisser rent politisk. Hvis innbyggerne og det politiske miljøet i kommunen skal kunne påvirke politikken som føres, er det først og fremst de folkevalgtes ansvar å forstå hva de politiske sidene ved eierskapet er, og løfte dem frem i den offentlige debatten. I denne sammenheng kan det være grunn til å advare mot for høy konsentrasjon av den folkevalgte styringsrollen – ikke minst i kombinasjon med mangelfull kompetanseoppbygging hos de folkevalgte. Konsekvensen av dette kan være at eierskapet depolitiseres, og at politisk viktige sider ved selskapenes strategier og utvikling ikke fanges opp. NIBR vil derfor anbefale at kommunene bevisstgjøres på de mulighetene som finnes for å styrke kunnskaper, kompetanse og oppmerksomhet rundt eierskapspolitikken blant et bredere utvalg av folkevalgte enn det som ofte er tilfelle i dag.

I tillegg til dei anbefalingane som ligg i dokumentet, vil ein peika på potensiale som ligg i større bevisstgjøring ikring kommunalt eigarskap, både på politisk og administrativt nivå.

Politisk betyr dette ei større grad av skulering og refleksjon, noko ein ynskjer å leggja til rette for ved auka fokus på eigarskap ved å satsa på eigne seminar med eigarskap som fokus.

Administrativt betyr dette at Aurland kommune må auka sin kompetanse i administrasjonen knytt til det eigarskapet som politikarane vel å oppretthalda, og spissa denne kompetansen for å ivareta rolla som kunnskapsbase og støttedfunksjon for kommunestyret.

6. Litteratur

- Kommunal planstrategi 2012-2015, Vedteken i kommunestyret 15.11.2012

- **Eigarskapspolitisk plattform** for Aurland kommune, 31.03.2011, KS-019/11
- **Kommunedelplan for næring 2014-2025**, 19.06.2014, KS- 045/14.
- **Kommunale selskap og folkevalgt styring gjennom kommunalt eierskap**, NIBR-rapport 2015:1, Norsk Institutt for by- og regionforskning.
- **Eigarskapsmelding**, Trysil kommune
- **Føretaksregisteret**, www.brreg.no
- **Årsmelding og rekneskap med noter for 2015**, til alle verksemder der nøkkeltal er oppgidd, anten publisert på nett eller sendt til kommunen.